

ÅRSMELDING 2009 FOR SENTERKVINNENE I ROGALAND

Senterkvinnene i Rogaland hadde 21.februar 2009 sitt årsmøte på Thon Hotell Maritim i Stavanger. Magnhild Eia, vararepresentant til Stortinget, var innleiar og snakka om "Livet på Stortinget" og aktuelle saker frå familie- og kulturkomiteen .

Tone Ravnås hadde innlegg med nytt frå fylkestinget.

Styret i meldingsåret har vore:

Leiar: Synnøve Gjersdal, Sandnes

Nestleiar: Torhild Skadsem, Sandnes

Studieleiar: Aud Ellen Risa, Hå

Sekretær: Giske K. Hareland, Gjesdal

Styremedlem: Olga Holgersen, Tysvær

Repr. frå fylkestyret: Sigrunn Hole Hosaas

1.varamedlem: Anne Lise Tunheim, Lund

2.varamedlem: Wenche Lindtner, Karmøy

3.varamedlem: Gurine Auestad, Karmøy

Styrets arbeid

Aktiviteten i styret i 2009 har vore god. Styret har hatt 5 styremøter, dei to første kombinert med studiering. I tillegg har det vore kontakt via telefon og e-post ved behov.

Senterkvinnene i Rogaland har som mål å få fleire kvinner til å delta aktivt i politisk arbeid. For å nå dette målet vil vi ha fokus på rekruttering og synleggjering av organisasjonen.

Styret har blant anna drøfta desse tema::

- Ufrivillege deltidstillingar i helsevesenet
- Senterkvinnenes manifest 2008-2012
- Klima/miljø
- Dreieskjevå – utarbeid resolusjon og støtta stortingsrepr. Trond Lode i kampen mot nedlegging av institusjonen.
- Refusjonsordningen i folketrygden
- Studiearbeid
- Skulering av tillitsvalde
- Likeløn – lik løn for likt arbeid
- Sjukelønsordningen
- Stortingsvalet 2009

Studiearbeid

Studieringen som starta hausten 2008, vart avslutta våren 2009. Studieemne var Senterpartiet`s programutkast 2009-2013. Studiekveldane engasjerte og gav gode diskusjonar.

Temamøte

Haustmøtet 2009 vart utsett til 20.januar 2010. Tema for møte er barn og oppvekst. Sofie Margrethe Selvikvåg, SP-politikar og helsesøster, vil snakke om "De Utrolige Årene".

Kurs/samlingar

I og med at det var Stortingsval i 2009 vart det ikkje arrangert kurs/samlingar frå sentralt hold. Men 19.august 09 var det telefonkonferanse med fylkesleiarane frå heile landet, sentralstyret i Senterkvinnene og generalsekretær Ivar Egeberg. Tema var valet 09, det var ein svært vellukka konferanse.

Stortingsvalet 2009

Senterkvinnene i Rogaland hadde ikkje eigen stand, men stilte i sine respektive lokallag. Senterkvinnene sentralt hadde fått trykt opp ein plakat/brosjyre til bruk i valkampen. "Senterkvinnene tar opp kampen for likestilling", sto det blant anna å lese på plakaten. Plakaten kom vel seint til fylkeskontoret, men den vart godt motteken. Ellers er Senterkvinnene særst godt nøgde med kvinneandelen i den nye SP-gruppa!

Representasjon

Fylkesårsmøte i Rogaland Sp, 6 - 7/2 - 09 , her møtte: Gisken K Hareland og Synnøve Gjersdal.
Landsmøte i Senterpartiet 26 -28/3 - 09, her møtte Torhild Skadsem.
To fellessamlingar med Fylkesstyret og Fylkestingsgruppa, leiar møtte.
"Med hjerte for hele landet", Val-skulering, Randaberg 13/6 - 09
Sp`s Fylkesstyre, her møter leiaren fast.
Olaug Stava Farbu sit som repr. for Senterkvinnene i SpS`s representantskap.
Synnøve Gjersdal sit i valkomiteen til Landsmøte i Senterkvinnene 2010.

Synnøve Gjersdal - fylkesleiar